

Bokbåtkontaktar

 Dato: 02.06.2014
 Vår ref.: 2014/17191-1
 Saksbehandlar: sigfurn
 Dykkar ref.:

Referat frå bokbåtkontaktmøte 21. mai 2014

Vedlagt følgjer referat mellom bokbåtkontaktar, Lindås bibliotek og Hordaland fylkeskommune, den 21. mai 2014.

Sigrid Furnes
 Sigrid Furnes
 Spesialrådgjevar

Referat frå bokbåtkontaktmøte 21. mai 2014

Til stades: Hanne-Mari Engen- bokbåtkontakt Bøvågen, Agathe Gausereide – bokbåtkontakt Ostereidet og Åsgard, Kjellaug Bolset Strand- bokbåtkontakt Masfjordnes og Matre, Tommy Veland – bokbåtkontakt Veland, Sigrid Furnes –Hordaland fylkesbibliotek, Thomas Brevik og Marit Gro Berge – Lindås bibliotek

Litt om rollefordeling Hordaland fylkesbibliotek og Lindås bibliotek

I 2011 underteikna fylkesbiblioteket og Lindås bibliotek ein kontrakt der Lindås bibliotek skal utføre spesifiserte driftsoppgåver for fylkesbiblioteket, medan fylkesbiblioteket framleis har det administrative ansvaret. Dette er grunnen til at det innimellom kjem e-post og brev frå Lindås bibliotek ut til bokbåtkontaktane.

Bokutvalet

Det er Thomas Brevik som kjøper inn bøker til bokbåten. Han arbeider med barn og unge på biblioteket i Lindås, og har god oversikt over kva som er aktuelt. Det er budsjettet som legg føringar for kva og kor mykje som kan kjøpast inn, 80% av utlånet på bokbåten er barnelitteratur og derfor går brorparten av budsjettet med til innkjøp av barnelitteratur. Bokbåtkontaktane meinte barneboktilbodet var godt, men registrerte at dei vaksne som kjem på båten finn lite nytt. Det er ønskjeleg med fleire eksemplar av dei mest populære titlane for barna.

Formidlingstiltak

Både fylkesbiblioteket og Lindås bibliotek ønskjer å aktivisere boksamlinga, mellom anna ved hjelp av ulike formidlingstiltak. Derfor er bokbåtbibliotekarane i gang med eit prosjekt finansiert av LEIK-midlar frå fylkesbiblioteket, kalla 1-minutts-standup-formidling i mobile einingar. Dette er eit samarbeidsprosjekt med bokbussbibliotekarane i Lindås og på Osterøy. Barnebøker vert lesne og diskuterte, og til slutt utarbeider bibliotekarane ein kort bokpresentasjon ilag med Vestlandske Teatersenter – så sjå opp for utaggerande bokbåtbibliotekarar til hausten!

Det er og ønskje om eit samarbeid med nokre av dei kommunale folkebiblioteka og bokbåtkontaktane om eit litteraturformidlingsarrangement for vaksne på kveldstid, kan hende kombinert med eit allsangsprogram?

Om å førebu eit bokbåtbesøk

God informasjon i forkant av eit bokbåtsopp er ofte avgjerande for godt besøk på båten. Her kom det mange gode innspel frå bokbåtkontaktane:

- Kopiering av utsend plakat til betre spreiing og til oppheng dersom plakatar vart fjerna
- Sjølvlagda informasjonsplakat i postkassene i nærområdet
- Bruk av heimesidene til kommunen og folkebiblioteket til å spreie informasjon om besøkstider og program

- Bruk av kommunal varslingsteneste, SMS-ordning, der ein kan avgrense utsending til lokale område rundt stoppa.
- Kommunane i Nordhordland har annonsering i samband med fulldistribusjon av lokalavisene. Her kan det vere ein idé at biblioteksjefane i kommunen legg ut samla informasjon om stopptider og program.

Bokbåtruta

Det er mange parametrar det skal takast omsyn til når bokbåtruta skal leggast. Der det er skulestopp er målet at det alltid skal vere stopp i skuletida, andre stader passer det best at båten kjem helg og/eller kveld. Samstundes skal ikkje det vere for mykje unødvendig køyretid og det er eit visst tal dagar som dette skal settast saman innafor. Kort samanfatta er det ikkje mogleg å få til den ideelle ruta kvar gong. Det er til dømes for mange skular som ønskjer stopp i skuletida til at det let seg gjere å få til. Derfor vart tanken lufta om ein heller burde prøve å utarbeide to faste rutar vår og haust der dei alle får førsteväl for besøkstid oppfylt i alle fall ein gong i året, og der det føreseielege i ruta kan gje tid til tilpassing der besøkstida ikkje er ideell. I så fall må det takast omsyn til at det ikkje alltid vert dei same stoppa som vert sist besøkt. Ingenting er bestemt, og det er rom for innspel frå andre bokbåtkontaktar.

Utlånet

Det automatiserte utlånssystemet lettar arbeidet om bord. Bokbåtkontaktane får ikkje oversikt over kven som har lånt, men vil få tilsend ei utlånsliste etter kvar tur. Lisa for våren kjem i juni. Så langt ser det ikkje ut til at ordninga fører med seg meir svinn av bøker enn tidlegare ordning då det vart brukt kort, men dette er noko som vert følgjt kontinuerleg med på.

Ordninga med teljing av vidareutlån vil falle bort. I staden vert det stipulert ei viss prosent vidareutlån. Dette er i tråd med praksis i dei andre fylka.

